

Kommunedelplan for Ulstein

-

Landbruksplan 2021-2031

PLANPROGRAM

SIST REVIDERT

VARSEL OM OPPSTART

STADFESTA I FORMANNSKAPET

Innhold

1.0	Bakgrunn.....	2
2.0	Planprogram.....	2
3.0	Formål med planen	2
4.0	Utfordringar og visjon	2
4.1	Viktige tema for landbruksplanen.....	3
5.0	Organisering og mandat.....	4
6.0	Medverknad	5
7.0	Framdriftsplan	6
8.0	Føringar for arbeidet	7
8.1	Regionale føringar	7
8.2	Lokale føringar	8
8.4	Nasjonale føringar	8

1.0 Bakgrunn

Behovet for å lage ein landbruksplan for Ulstein kommune har vore etterlyst i politiske fora i kommunen. Frå næringsorganisasjonane har det og vore spurt etter kva tid arbeidet med ein landbruksplan vert prioritert.

Landbruket er ei arealkrevjande næring som har behov for forutsigbare rammer. Talet på bønder som driv aktivt landbruk som heil- eller deltidsarbeid er færre no enn tidlegare. Det er færre bønder som no driv både eigen og andre sine jordbruksareal. Gjennom arbeidet med ein landbruksplanen skal vi gje retningslinjer for jordvern og matproduksjon. Vi vil og vise korleis eit aktivt landbruk påverkar miljøverdiane og formar kulturlandskapet.

2.0 Planprogram

I plan og bygningslova §12-8 vert det stadfesta at planprogrammet skal vera eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast med i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar og utredningsbehov for å skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført. Interesserte vert bedne om å kome med innspel eller synspunkt til planprogram gjennom offentleg ettersyn før det vert fastsett av formannskapet. Etter at det endeleg planprogram er fastsett skal arbeidet med landbruksplanen gjennomførast og fullførast.

3.0 Formål med planen

Landbruksplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for utviklinga i landbrukssektoren.

Planen skal angi kva strategi kommunen har for framtidens landbruk i Ulstein kommune.

Strategien skal omfatte:

- Konkretisere situasjonen innanfor dei planområda som planen omfattar.
- Planen skal gje konkrete framlegg til tiltak, strategiar og prioriteringar for å nå måla.
- Planen skal leggja grunnlag for vidare samarbeid internt i kommuneorganisasjonane og mellom kommunane og eksterne samarbeidspartnarar.

Framfor å utarbeide separate sektorplanar har ein valt å utarbeide ein plan som ser på landbruksfeltet i samanheng og over eit lengre tidsrom. Landbruksplanen er såleis tenkt som ein plan som vil påverke Ulstein kommune som organisasjon og samfunn. Det vert lagt til grunn at ny kommunedelplan for landbruk, skal vera gjeldande 10 i år. Strategien krev ei herskaleg planlegging over tid. I samband med utarbeiding og revidering av kommunal planstrategi vil det kvart fjerde år vurdert om kommunedelplan for landbruk skal rullerast eller reviderast.

4.0 Utdrøiningar og visjon

Planen skal gi eit bilete av landbruket i Ulstein sin status, utviklingstrekk og utviklingspotensiale. Planarbeidet skal byggje på kunnskap og vilje til utvikling og bevaring, og foreslå strategiar for utvikling av landbruket i Ulstein. Planen skal synleggjere korleis Ulstein skal arbeida for å sikra nasjonale mål for jordvern, auka matproduksjon og vekst. Synleggjere korleis kommunen kan legg til rette for tilleggsnæringar. Gjennom at det i planprosessen vert opna for medverknad og innspel frå næringsorganisasjonane, er det sannsynleg at det vil koma gode forslag til nye tema og problemstillingar som bør takast med i det vidare arbeidet.


En stor del av arbeidet vil i tillegg være å finne gode og realistiske tiltak. Det er eit mål for kommunen at kommunedelplan for landbruk skal verta aktivt brukt av eit aktivt landbruk, og vera eit styringsverktøy for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling. Den administrative arbeidsgruppa foreslår at det tverrfaglege planforumet vert aktivt brukt for å diskutere og for å sikre gjennomføring av tiltaka i handlingsdelen.

Planen vil såleis skape samhandling og tverrsektorielt samarbeid i administrasjonen samstundes som den leggje til rette for gode og smarte framtidsretta løysingar for utviklinga av landbruket i Ulstein kommune.

4.1 Viktige tema for landbruksplanen.

Auka matproduksjon

Landbruksmeldinga (St. meld. 9 (2011-2012)) vektlegg behovet for at matproduksjonen blir auka i tråd med befolkningsveksten. Jordlova inneheld avgjerder som skal sikra at landbruksjord blir halden i heva, også ved bortleie. Det er likevel indikasjonar på at større driftseiningar resulterer i mindre effektiv utnytting av areala. Planen bør trekka opp ein strategi for korleis det kan sikrast ei meir effektiv utnytting av landbruksareala i kommunen, med fokus på auka matproduksjon.




Figur 1. Arealbruken og kommuneplanen hensynssone landbruk.

Auka næringsutvikling innanfor landbruket

Planen skal gje ei situasjonsskildring og fungera som ein handlingsplan for landbruket og landbrukstilknytt næringsverksemdar. Dette vil dermed omfatta både tradisjonell landbruksaktivitet, og ulike tilleggsnæringer som "Inn på tunet", andelslandbruk, gardsutsal, bygdesager, med fleire. Tilleggsnæringer er eit område der det kan vera potensial for å skapa nye arbeidsplassar og inntekter for landbruket og om mogleg gjera det meir robust for eventuelle endringar. Planen skal ta inn over seg målet til regjeringa om å satsa på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein meir framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet. Drøfte ulike landbruksproduksjonar og dei endringane som har skjedd over tid.

Kulturlandskap og område med særskilt omsyn til landbruket

Kulturlandskapet er eit viktig landskapselement, og eit levande kulturlandskap har stor bevaringsverdi og har tyding for både estetikk, folkehelse, og biologisk mangfald. Landbruket og kulturlandskapet er knytt uløyselig saman. I arealdelen av kommuneplanen vert det vektlagt eit særskilt fokus på arealbruken, byggje- og anleggstilltak innan for område der det er lagt inn omsynsonar for landbruk og kulturlandskap. Likevel auke presset mot kulturlandskapet, og det er behov for at landbruksplanen inneheld meir detaljerte føringar for jordvern og kulturlandskapet i Ulstein kommune som er viktige for landbruksnæringsa og sikringa av landbruksareal og kulturlandskapet mot ytterlegare nedbygging



Figur 2. Omsynsone H510 landbruk definert i arealdelen av kommuneplanen

Klima, energi og forureining

Landbrukets utfordringar i samband med avrenning, klimautslepp og karbonopptak bør synleggjerast saman med aktuelle mottiltak. Det bør visast til korleis dette blir mildna gjennom lovverk og statlege, regionale, og kommunale ordningar.

5.0 Organisering og mandat

Formannskapet godkjente den planprogrammet for kommunedelplan for landbruk 2021-2031. Planen skal ha status som ein kommunedelplan og planen skal leggjast fram for kommunestyret Mai 2021. Formannskapet er den politiske styringsgruppa. Styringsgruppa får fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn og elles ha funksjon som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings og avgjerdsorgan i prosessen. Den administrative prosjektgruppa består av:

Jarand Holtekjølen Dugstad, interkommunal samfunnsplanleggjar
Anne Kathrine Løberg, avdelingsleiar Landbrukskontor

Oddvar Gjerde, rådgjevar ved Landbrukskontoret
Arild Støylen, ingeniør byggesak/miljøvern ved Teknisk etat
Ein representant frå bondelaget/små brukarlaget

Andre kan verte engasjert ved behov. Planen skal også omfatte samarbeid med eksterne partar og organisasjonar innanfor desse områda.

6.0 Medverknad

Gjennom plan- og bygningsloven paragraf § 5-1 er det stadfesta at planforslag skal leggje til rette for medverknad.

Dette betyr blant anna at innbyggjarane skal konsulterast i planarbeidet. Ulstein kommune ser det som viktig å involvera landbruksnæringa og andre interessentar i planarbeidet. Sidan det er ein plan som skal gje føringar for retninga til landbruket, er me svært interesserte i å få innspel frå næringa og gardbrukarane i Ulstein. Aktivering av innbyggjarane i kommunen er avgjerande i å gje verdifulle innspel til landbruksplanen for Ulstein kommunen. I følgje plan- og bygningsloven har kommunane eit særskilt ansvar for brei medverknad, der Ulstein kommune vil nytte seg av ulike plattformer, der alle skal kunne gje innspel, synspunkt, merknadar vil verte tatt til vurdering.

Informasjonsmøte

Det vil etter godkjenning av planprogrammet bli oppretta kontakt med faglaga som Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget samt andre interessentar for å avtale møte der ein kan presentere planarbeidet og kva tema som vert vektlagt. Me vil etterpå notere oss innspel og oppfordre til å ta kontakt via telefon eller e-post for synspunkt. Dette vil synleggjere planen for dei ulike interesseorganisasjonane og andre, samt gje opplysing om moglegheit til deltaking og påverking gjennom ulike kanalar.

Digitalt møte med gardbrukarane

Grunna Korona-viruset og usikkerheita om vidare restriksjonar, vil folkemøtet verte gjennomført digitalt. Den administrative arbeidsgruppa vil direktesende presentasjon av arbeidet og opne opp for debatt. Det vil verte sendt ut invitasjon til alle som søker produksjonstilskot. Innbyggjarane i Ulstein med interesse for landbruksplanen følgjer sendinga frå eigen PC, mobil eller nettbrett og stille konkrete spørsmål på førehand eller undervegs i folkemøtet. I ettertid vert spørsmål og svar lagt ut på heimesidene til Ulstein kommune.

Høyring

Det vil vera mogleg å koma med skriftlege innspel til planprogrammet og planforslaget. Kvar høyringsperiode er på minst seks veker. I løpet av denne perioden har alle interesserte høve til å kome med innspel og synspunkt .

7.0 Framdriftsplan

April 2020	-Oppstartingsmøte med førebels administrativ gruppe.
Mai 2020	- Utarbeide planprogram
Juni 2020	-Formannskapet godkjende oppstart av kommunedelplan for landbruk (2021-2031). -Framlegg planprogram ferdigstillast. -Sende ut planprogram for høyring og offentleg ettersyn i 8 veker. -Annonse i Vikebladet. -Utending til høyringsinstansar.
August 2020	-Fastsetting av planprogram -Oppstartingsmøte (digitalt) med bondelaga/bonde og småbrukarlaget og andre interessentar.
September-November 2020	-Lage planutkast til kommunedelplan for landbruk 2021-2031
Desember 2020	-Digitalt møte med gardbrukarane. -Arbeide med innspel. -Justere plan mot innspel.
Desember-Januar 2020/21	-Gjennomgang med styringsgruppa -Leggje ut planutkast til off. ettersyn. -Utending til høyringsinstansar. -Sende planforslag på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.
Mars 2021	-Gjennomgang med styringsgruppa -Plan til godkjenning. -Kunngjering av kommunedelplan for landbruk.

Framdriftsplanen kan verta endra undervegs.

8.0 Føringar for arbeidet

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Tre av hovudprinsippa i berekraftsmåla er stoppe klimaendringar, biologisk mangfald og bærekraftige byer og samfunn. Difor må tiltak for å sikre ei berekraftig framtid prioriterast.

Plan- og bygningslova legg dei ytre rammene for korleis kommunen skal planleggje for utvikling. Planlegging skal sikre openheit, medverknad, langsiktige løysingar, konsekvensar for miljø og samfunn. Lova framhevar prinsippet om medverknad, miljøkrav og estetisk utforming av omgjevnad. Landbruksplanen vil ikkje gje kartfesta rammer eller retningslinjer for framtidig utbygging. Planarbeidet vil såleis ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. PBL. §4-2.

Skoglova (2006) har som formål å fremje ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Naturmangfaldlova (2009) Naturmangfaldlova reknast som ei av verdas beste og mest moderne miljølover. Lova er sektorovergripande, som betyr at ho gjeld for alle inngrep i naturen i alle sektorar og i tillegg til sektorlovene. Naturmangfaldlova har mellom anna reglar om forvaltning av artar, framande organismar, utvalde naturtypar, områdevern, genetiske ressursar og alminnelege føresegner om berekraftig bruk.

Forureiningslova (1983) Denne lova har til formål å verne det ytre miljø mot forureining og redusere eksisterande forureining, å redusere mengde av avfall og å fremje ei betre behandling av avfall. Lova skal sikre ei forsvarleg miljøkvalitet, slik at forureininga og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og fornying.

Klimalova (2018) skal fremje gjennomføringa av Noregs klimamål som ledd i omstillinga til eit lavutsleppssamfunn i 2050. Lova skal fremje openheit og offentleg debatt om status, retning og framdrift i dette arbeidet. Lova skal ikkje vera til hinder for at klimamål fastsetjast, denne lova kan gjennomførast felles med EU. Kortfatta lovfester blant klimalova blant anna om minst 40 % utsleppsreduksjon innan 2030 og at Norge skal vera klimanøytralt i 2050.

Jordlova (1995) har som føremål å leggja til rette slik at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

8.1 Regionale føringar

- Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017- 2020
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020
- Regional delplan for klima og energi 2015-2020
- Regional plan for vassforvaltning Møre og Romsdal 2016-2021
- Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017-2021
- Jordvernstrategi for Møre og Romsdal

8.2 Lokale føringar

- Kommuneplan for Ulstein 2017-2029-Samfunnsdelen
- Kommuneplan for Ulstein 2019-2031-Arealdelen
- Kommunedelplan klima 2011-2014
- Planstrategi Ulstein kommune 2015-2019

8.4 Nasjonale føringar

- St. Meld. 6 (2016 – 2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog og trenærin
- St. Meld. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken— Velkommen til bords
- St. Meld. 11 (2016 – 2017) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- St. Meld. 13 (2014-2015) Ny utslippsforpliktelse for 2030-en felles løsning med EU
- St. Meld. 14 (2015-2016) Natur for livet, norsk handlingsplan for naturmangfald
- St. Meld. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk – Klimaforliket
- St. Meld. 24. (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- St. Meld. 33 (2012-2013) Klimatilpasning i Norge
- St. Meld. 39 (2008-2009) Klimautfordringene –landbruket en del av løsningen
- St. Meld. 41 (2016–2017) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid